

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS  
Postboks 291  
5203 OS

---

Dato	17.08.2023
Vår referanse	2023/65145-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lasse Klæboe Kristensen
E-post	Lasse.Kleboe.Kristensen@vlfk.no
Telefon	

## Fråsegn til varsel om oppstart - planarbeid - Lindås gravplass Nedre - Alver kommune

Vi viser til brev datert 14.06.2023 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Lindås gravplass Nedre. Hovudføremålet med reguleringa er utviding av nedre gravplass i Lindås sentrum. Arealet på gnr/bnr 108/627 og 586 vil bli regulert til grav- og urnelund med prosesjonsveg mot kyrkje i sør og vegtilkomst frå Kolåsvegen. Det vil vere spesielt fokus på å sikre gjennomførbar tilkomstveg til gravplassen. I den samband vil ein vurdere plassering av busshaldeplass i Kolåsvegen. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommunedelplan der området er sett av til grav- og urnelund. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, og fråsegn til dispensasjonssaka i 2020. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

#### Planfaglege merknadar

##### *Mangel plandokument*

På kommunen sine heimeside vert det vist til at ein kan finne oversikt over reguleringsplanar i digitalt planregister. Vi ser ikkje at reguleringsplanen med planid 4631\_2023002 er ført inn med planomriss i kommunens digitale planregister.

##### *Konsekvensutgreiing*

I samband med melding om oppstart av planarbeid har kommunen vurdert at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing av reguleringsplanen. Vestland fylkeskommune gjer merksam på at planomtalen skal ha med ei vurdering av verknadane av planen, sjølv om det ikkje er krav om konsekvensutgreiing.

##### *Føresegn*

I det vidare arbeidet med detaljreguleringa oppmodar vi til å nytte planverktøyet for å legge tydelege føringar for utbygginga. Vi rår til at føresegner som er knytt til viktige tema har «skal»-formuleringar i planen, samt ei grad av detaljar som sikrar at planen ikkje opnar for tolking. Å utsette detaljane til byggesak set høge krav til den kommunale handsaminga av byggesaka. Tydelege føresegner gjev kommunen eit viktig verktøy når ein skal vurdere dei konkrete løysingane i byggesaka. Ein tydeleg plan gjer det lettare for naboar, kommunen og utbyggjar å sjå føre seg korleis det nye byggjeområdet vert i praksis.

##### *Medverknad*

I oppstartsmeldinga står det at ein skal involvere fagmynde, grunneigarar/naboar mfl. i planarbeidet. Dersom det viser seg nødvendig vil det verta halde folkemøte etter oppstart. Det vil

vere aktuelt å ha dialogmøte med lokal gravplassmynde, kulturmynde, vegmynde og Skyss. I referatet frå oppstartsmøtet har kommunen kommentert at planleggjar undervegs bør vurdere behov for ekstra møte og legge til rette for annan form for medverknad som drøfting av problemstillingar, førebels utkast o.l. Vestland fylkeskommune er positive til dette. Etter plan- og bygningslova § 5-1 skal alle som fremjar planforslag legge til rette for medverknad. Dei gruppene som ikkje er i stand til å delta direkte skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på anna måte. I det vidare planarbeidet er det viktig at det synleggjerast korleis innspel som har kome frem gjennom medverknadsprosessen er vurdert og tatt stilling til.

#### *Forankring i regionale planar og strategiar*

I følgje plan- og bygningslova § 8-2 skal regional plan (...) *legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.* Av regionale planar som bør leggjast til som kunnskapsgrunnlag, er særleg viktige for denne planen lista opp nedanfor:

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional plan for folkehelse - fleire gode levekår for alle - 2014-2026 og Handlingsprogram for folkehelse 2022–2025
- Regional plan for klima 2022–2035
- Regional transportplan 2022-2033 for Vestland (RTP)
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027

Vi ber om at desse vert ein del av kunnskapsgrunnlaget, og at det synleggjerast korleis planane har verka på detaljreguleringa.

#### Landskap, arkitektur og estetikk

All utbygging har verknad på landskapet, og bør såleis vere tilpassa landskapet. Det bør takast omsyn til landskapskarakter og kva type inngrep landskapet er sårbart for. Planlegginga må sikre at byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Det vil vere positivt å vise realistiske illustrasjonar ift. perspektiv og skala. Visuelle illustrasjonar bør visast frå perspektiv der menneske ferdast. Landskapsverknader kan også illustrerast godt og bør følgje planforslaget.

Fylkeskommunen rår vidare til å stille krav til mellom anna miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur gjennom føresegnene som bidreg til ei god estetisk og arkitektonisk utforming når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar.

#### Universell utforming

Fylkeskommunen vektlegg at universell utforming må ligge til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga. Dette gjeld særleg løysingar for tiltak for å lette orientering og farbarheit i området for svaksynte og rørslehemma.

Fylkeskommunen ber om at universell utforming vert eiga tema i planen. Det må leggjast til rette for parkering med uu-åtkomst, og gravplassen som heilskap må leggjast til rette for bevegesles- og orienteringshemma.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

#### **Om tiltaket**

Saka gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for utvidinga av Lindås gravplass i Alver kommune. Området er avsett til grav- og urnelund, bustad og grøntareal i gjeldande kommunedelplan for Lindås 2019-2031, PlanID 1263.201805. Saka har tidlegare vore til uttale som dispensasjonssak, men vert no fremma som ein detaljregulering. Det er registrerte kulturminner i planområdet.

#### **Vurdering**

Den Trondhjemske Postvei (Askeladden-ID 246536), krysser planområdet. Ein del av traséen går gjennom den eksisterande gravplassen, medan ein annan del med litt varsam vegetasjonsskjøtsel vil vere lett synleg i terrenget.

Postvegen er statleg listeført og har nasjonal verdi og høg regional interesse. I kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune, som vart vedteken oktober 2019, er den óg lagt inn med omsynssone for bevaring av kulturmiljø (SOSI-kode H570) med tilknytte retningslinjer i føresegnene, § 4.2.4:

*«Heile det historiske veganlegget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjere skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturminnet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.»*

Etter innspel frå Vestland fylkeskommune i samband med dispensasjonssaka i 2020, er utvidinga av gravplassen endra mellom anna med omsyn til plasseringa av innkøyring, parkeringsplassar og oppstillingsplassar. Innkøyringa vert no planlagt frå Kolåsvegen på nordsida av planområdet, slik at postvegen vert betre teken omsyn til i planen.

I planområdet er det også eit SEFRAK-registrert jordkjellar og ein eldre lemstove som har kulturminneverdi. Vi ber om at nyare tids kulturminne i området vert avmerka i plankartet med omsynssone H570 og gjeven føresegner. For postvegen må omsynssona i overordna plan vidareførast, og det må leggjast omsynssone over jordkjellaren.

### Arkeologi

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, potensialet for nye funn av freda kulturminne innanfor planområdet vart vurdert å vera lågt.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

### Konklusjon

Vi kan rå til planoppstart slik plangrepet i hovudsak er innretta nå, og oppmodar til at materialbruk og dimensjonar vert godt tilpassa omgjevningar og terreng, slik at kulturminna i og nær planområdet ikkje vert negativt påverka.

### Areal og transport

Vestland fylkeskommune, Avdeling for infrastruktur og veg viser, har vurdert saka som regional vegmynde.

Avdeling for infrastruktur og veg sitt ansvar i planarbeidet er fyrst og fremst knytt til arealbruken langs fylkesveg. Vi uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg, med særleg fokus på trafikktryggleiken og framkomst for alle trafikantar.

### Opplysningar i saka

Formålet med planen er utviding av nedre gravplass i Lindås sentrum. Arealet vil bli regulert til grav- og urnelund med prosesjonsveg og få vegtilkomst frå Kolåsvegen, som er kommunal veg.

### Generelle innspel til planarbeidet

Avdeling for infrastruktur og veg ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar



- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker
- Grunnundersøkingar

Generelt vil vi minne om at Statens vegvesen si handbok N100 Veg og Gateutforming er gjeldande for alle offentleg veg, og eventuelle fråvik frå handbok N100 skal vere godkjent av vegeigar før detaljreguleringsplanen vert lagt ut på offentleg ettersyn og høyring. Vidare skal tekniske teikningar også sendast til vegeigar før offentleg ettersyn.

#### Særlege innspel til dette planarbeidet

- Vestland fylkeskommune legg til grunn at verknadane planløyisingar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen, ROS-analysen og ev. konsekvensutgreiing.
- Vestland fylkeskommune ber om at trafikktryggleik vert eit eige tema i planarbeidet. Både i planskildringa, ROS-analysen og konsekvensutgreiinga (KU) der det er kram om KU.
- Behov for rekkefølgekrav
- Særlege forhold med tanke på trafikktryggleik
- Parkeringsdekning og – behov
- Trafikkanalyse
- Vurdere eigarforhold (t.d i forhold til bygging av fortau, gs-veg osv.)
- Konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet
- Det kan verte behov for gjennomføringsavtale, særleg der det er rekkefølgekrav om tiltak på fylkesveg.

Det er bede om ei konkret tilbakemelding på forslaget om å regulere dagens busslomme i Kolåsvegen der den er plassert i dag, som er vist i utklippa under:





Vestland fylkeskommune aksepterer at det vert regulert busslomme der det er eksisterande busslomme i dag med utbetningsstandard.

Vi vil også informere om at reguleringsplanen for Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad enda ikkje er godkjent då VLFK har klaga på Alver kommune sitt vedtak.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

#### **Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap, arkitektur og estetikk, universell utforming, kulturminne og kulturmiljø, og areal og transport. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

**Eva Katrine Ritland Taule**  
fagleiar  
NPI – Plan, klima og analyse

**Lasse Klæboe Kristensen**  
rådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

#### **Saksbehandlere**

Sigrun Wølstad avdeling for kultur og folkehelse  
Peter Forras avdeling for kultur og folkehelse  
Lillian Bakke Byrknes avdeling for infrastruktur og veg

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER